

## **Til uttale – Endring av reguleringsplan for Akvakulturanlegg Øyarhamn – Varaldsøy, gnr. 163 bnr. 14 m.fl. – Kvinnherad kommune**

Vedlagt følger forslag til endring av reguleringsplan for akvakulturanlegg Øyarhamn – Varaldsøy. Omega 365 Areal AS er engasjert av MOWI ASA til å utarbeide reguleringsendring etter forenkla prosess jf. § 12-14, 2.ledd i Plan- og bygningslova.

Ved detaljplanlegging av nybygging ved Mowi sitt settefiskanlegg har ein sitt at det er behov for nokre mindre justeringar av reguleringsplanen for området. Sjå kapittel 5 i vedlagt planomtale for nærare informasjon om endringane. I dialog med kommunen undervegs er det og konkludert med at vegstrekninga sørover frå planområdet og ned mot inste del av Øyarhamnsvågen skal utbetrast i samband med utbygginga av settefiskanlegget. Dette er sikra med rekkefølgjekrav i føresegnene vedlagt. Teikning av vegen som skal oppgraderast ligg ved.

Kvinnherad kommune har konkludert med at desse endringane fell innanfor rammene av det som kan betraktast som ein enkel planprosess og planforslaget blir derfor sendt direkte på uttale. Dette gjeld endringar i reguleringsplan som i lita grad påverkar gjennomføring av planen for øvrig, ikkje går ut over hovudrammene i planen, og heller ikkje berører omsynet til viktige natur- og friluftsområde. Dette varselet må derfor betraktast som einaste moglegheit til å uttale seg før vedtak vert fatta, jf. plan- og bygningslova § 12-14, 3. ledd.

Sjå vedlagte føresegner, plankart og planomtale.

Spørsmål knytt til planarbeidet kan rettast til:

Omega 365 Areal AS på telefon 975 40 000, **Omega 365 Areal AS, Kvassanesvegen 4, 5582 Ølensvåg** eller via e-post [areal@omega.no](mailto:areal@omega.no) innan **26.03.2025**.

Venleg helsing,

**Omega 365 Areal AS**

v/ Kjerstina Særsten

[kjerstina@omega.no](mailto:kjerstina@omega.no)

476 39 847